



## Referat

**Delprosjekt: P2 Politisk organisering, lokaldemokrati og innbyggarmedverknad**

**Møtestad: Ørskog**

**Dato: 16.11.18**

**Møteleiar: Øystein Tvedt**

<b>Deltakarar:</b>	<b>Kommune/repr.</b>
<b>Øystein Tvedt</b>	<b>Ålesund</b>
<b>Svein Harsjøen</b>	<b>Haram</b>
<b>Helene Fjørtoft</b>	<b>Ørskog</b>
<b>Frode Andresen</b>	<b>Ørskog</b>
<b>Geir Skodje</b>	<b>Repr. Tillitsvalde</b>
<b>Irene K. Aase</b>	<b>Ålesund</b>
<b>Elin Moen</b>	<b>Haram</b>
<b>Synnøve Vasstrand Synnes</b>	<b>Ørskog/nye Ålesund</b>
<b>Malin Piegsa (siste sak)</b>	<b>Nye Ålesund</b>
<b>Forfall:</b>	
<b>Geir Stenseth</b>	
<b>Nils Magne Abelseth</b>	
<b>Åse Kristin Ask Bakke</b>	

<p><b>Trine Otterlei</b></p> <p><b>Modolf Hareide</b></p> <p><b>Kari Grindvik</b></p> <p><b>Bente G. Vikhagen</b></p> <p><b>Anny Sønderland</b></p>	
---	--

## Referat:

### 1. Delegeringsreglement – prinsipp for delegering

Gjennomgang av utsendt notat om prinsipp for delegering

Fordeling av fullmakter og oppgaver frå kommunestyret til andre organ og til administrasjonen

Kommunelova

Må leggast fram for det nye kommunestyret i løpet av det første året. For nye Ålesund: må leggast fram så tidleg som mogleg, i praksis på eitt av dei første møta i det nye kommunestyret.

Arbeidsøkt i Fellesnemnda 17.12:

- Innleiing – generelt om delegering
- Delegeringsreglementet er ein viktig del av kommunen sitt styringssystem
- Orientering/erfaringar frå Sandøy og frå Ålesund knytt til plan- og byggesaksområdet
- Tema til diskusjon i Fellesnemnda:
  - o Vitalisering av kommunestyret
  - o Forholdet mellom kommunestyre, planutval, rådmann etc.  
Klagesakshandsaming, saksgang reguleringsplanar etc
- Komiteiar planlegg nærare arbeidsøkta i Fellesnemnda 17.12 saman med administrasjonen (Elin Moen og Synnøve Vasstrand Synnes)

### 2. Lovpålagde medverknadsorgan

- a. Ny kommunelov § 5-12, lovpålagde medverknadsorgan
- b. Det skal vere eitt eldreråd, eitt ungdomsråd og eitt råd for menneske med funksjonsnedsettelse i nye Ålesund
- c. Ungdomsråda har allereie hatt to møte
- d. Eldrerådet ønskjer meir informasjon om korleis prosessane er tenkt
- e. Koplinga mot kommunedelsutvala: Fellesnemnda har gjort vedtak om korleis oppnemning av medlemmer til kommunedelsutvala skal skje. Her er ingen kopling mot medverknadsorgana, men medlemmer av medverknadsorgana kan sjølvstilt vere medlemmer av eit kommunedelsutval. Kommunedelsutvala skal i utgangspunktet ikkje ha oppgaver knytt til dei kommunale tenestene.
- f. Nokre utgangspunkt som må på plass: Eitt eller fleire medverknadsorgan, struktur, størrelse på utvala, koplinga mot andre politiske organ.
- g. Koplinga mot kommunestyret – ein må vurdere om/korleis medverknadsorgana skal få mulighet til møte- og talerett/stille spørsmål. Alternativt kan ein tenke å gi desse organa møte- og talerett i komitemøta. Viktig å ha med seg at for ungdomsrådet er møtet med kommunestyret også ein opplæringsarena.

- h. Vidare prosess: Førebuing av ei sak til Fellesnemnda for å få på plass eit overordna rammeverk. Forankring hos medverknadsorgana som ein del av førebuing av saka. Komiteen ønskjer å kalle inn 2 repr. frå dei ulike særlovsorgana i alle fem kommunar til eit møte i P2 **18.01.19**, der ein har ein innleiande dialog med medverknadsorgana og orienterer om kva føresetnader som allereie ligg på plass (vedtak som allereie er gjort). Utfordre organa på å førebu eit kort innlegg om erfaringar frå dagens organ, kva fungerer og kva fungerer ikkje, kva vil vere viktig å ha med seg ved etablering av nye medverknadsorgan i den nye kommunen. Mål med møtet: betre medverknad i saksutgreiinga.
  - i. Korleis kan vi involvere studentorganisasjonane/studentparlamentet? Kan dette evt koplast opp mot eksisterande møteplassar eller prosjekt: Universitetskommuneavtalen? Utviklinga av Campus/nytt studenthus? Komiteen ønskjer det skal bli sendt ein førespurnad til Studentparlamentet om her er interesse for samarbeid, og om dette evt kan/bør formaliserast.
3. **Organisering av innbyggartorg i nye Ålesund kommune**

Av mandatet til politisk komite P2 følgjer at komiteen skal sjå på innbyggjartorg i kommunedelsentra, og koordinatorfunksjonar som tilretteleggjar for lokal aktivitet i nærdemokratiorgana. I tillegg til dette er der ei administrativ gruppe innafor kommunalområdet kultur og medborgarskap som arbeider med det same. Kommunalsjef for kultur og medborgarskap Malin Piegsa deltok i møtet, og komiteen hadde ei idemydring kring innhald og organisering av innbyggartorg. Innspela frå politisk komite P2 vert teke med vidare i arbeidet i den administrative gruppa.

**Neste møte i komiteen vert 30.11.18.**

Synnøve Vasstrand Synnes

Ref.

## ARBEIDSVERKSTAD OM INNBYGGJARTORG – P2 –16.11.2018

### BAKGRUNN:

P2 har i sitt mandat følgjande tekst under punkt 1.3.2 Resultatmål; «Sjå på innbyggjartorg i kommunedelsentra og koordinatorfunksjonar som tilretteleggjar for lokal aktivitet i nærdemokratiorgana». I kommunalområde K5 (Kultur og medborgerskap) utgreier ein no organisering av innbyggjarkontor. P2 og K5 ønskjer å samarbeide om ei tilråding til prosjektleiar om kva oppgåver, organisering og lokalisering som vil fremme gode innbyggjartorg.

Arbeidsverkstad ble gjennomført i P2 sitt møte 16.11.2018 og opna for mange innspel og diskusjonar. Målet med arbeidsøkta var ikkje å avklare, bli samd eller samle eit fullstendig bilete av korleis innbyggjartorga i nye Ålesund skal sjå ut, men K5 vil arbeide vidare med innspela frå P2.

### KVA ER INNBYGGJARTORG / KVA LEGG VI I OMGREPET INNBYGGJARTORG:

Møteplass	Foredrag og arrangement	Bibliotek	Nærmiljøsentral
Servicetorg	Post	Gjere avtale om møte med sakshandsamar	Rettleiing ved utfylling av skjema og søknader
Inkludering	Idéverkstad og utviklingsarena	Plass for å få og gi informasjon	Fysisk nærdemokrati
Frivillege, lag og organisasjonar	Digitale verkty	Der du møter menneske	Møteplass mellom politikk/adm/innbyggjar
Møte mellom motsetn. Interessegrupper	Kjøp av plastsekker	PC for publikum	Utlån av utstyr etc
Møte mellom beslutter, forvalter og berørte	Ikkje klageplass men plass for å ta avgjerder	Meldingsteneste	Sofa og sittegrupper
Lavterskel	Innbyggerinitiativ	Tilgjengeleg	Relevant
Bindeledd til resten av kommunen	1.linje i møte med kommunen	Få hjelp og innsikt i kommunal saksgang	Sekretariat for kommunedelsutval
Enklare saksbehandling	Få snakke med noen	Kommunedelsutval	

### KVEN SKAL JOBBE DER?

- Servicetorgmedarbeidarar
- Temadager med ulike profesjoner
- Koordinator for kommunedelsutval
- Frivilligsentralmedarbeidarar
- Kontor for private aktørar
- Fleksible kontor for sakshandsamarar
- Administrasjon
- Kommunedelsutval
- Politikarar til faste tider (ordførar-dagar)
- Kurs og informasjonsmøter
- Reguleringsmyndighet, byggesakshandsamer

### KVA TRENGS AV TING?

- Fleksible lokaler som kan tilpassast bruk
- Møterom
- Data, internett, skypefasilitetar
- Samtalerom
- Kontorplassar
- Flip-over, tusjar, post-it-lappar
- Kaffemaskin
- Sofa, sitteplassar
- Aviser
- Arkiv (digital tilgong)
- Sentralbordløyising, telefon
- Kafé
- Utstilling/stand/oppslagstavle
- Pc'ar for publikumsbruk

### KVEN SKAL KOMME?

- Alle innbyggjarar og gjester
- Medlemmar av kommunedelsutval
- Lag og organisasjonar
- Politikar og administrasjon må kome
- Innbyggjarar kjem når dei er interessert
- Næringslivsrepresentanter
- Råd og utval
- Brukarar av alle tenester
- Dei som vil ha ei teneste
- Dei som vil starte / endre noko

### OPE 24/7?

- Digitale løysingar 24/7
- Byrja i en ende – utvikle vidare
- Utleie av lokalet utover fast opningstid
- Kommune-Kari, chatfunksjon
- Ope når folk har tid å kome
- Kl.11-19
- Nøkkeltorg kan gi tilgong døgnet rundt
- Meiropen kommune / meirope bibliotek

### KOR MANGE INNBYGGJARTORG TRENGS?

- 5 stk (eit i kvar gamle kommune)
- 11 stk (eit i kvar kommunedel)
- Eventuelt eit på Moa - der det bur og ferdes mykje folk
- Eit «folkets hus», ikkje nødvendigvis rådhuset

### KORLEIS ORGANISERE AKTIVITETEN?

- Fleirbruk a/ samle bibliotek, frivilligsentral, servicekontor
- Bruk digitale løysingar så mye som mulig
- minside.no
- Som servicetorga idag + faste tider for å kunne møte /få veiledning frå einingane

## RISIKOFAKTORAR:

- At det ikkje blir relevant (ein brukar andre kanaler for å nå fram)
- At dette oppstår som revolusjon i staden for evolusjon
- Manglande kompetanse, opplæring og omstillingsevne
- Manglande samhandling
- Manglande engasjement frå politisk og administrativ leiing
- Manglande reell medverknad – innspel kjem ikkje vidare
- At vi opprettholder gamle roller (som politiskar, brukarar, tilsett og leiar)
- At arbeidsformene ikkje blir tilpassa gruppen og det ein vil oppnå
- Økonomi –for lite ressursar
- Manglande vilje til å bruke pengar på dette
- At folk ikkje møter opp
- For tidkrevjande for politiskar og adm
- At vi ikkje tør å prøve det ut -før vi er 100 % sikre på alt
- At det kun bli ei møteplass med gratis kaffe
- At det blir ei klagestue / klagemur
- Dårleg egna lokaler
- Manglande digitale løysingar som fremmer samordning
- Manglande markedsføring
- Vegring frå politiskarar og administrasjon å møte folket der
- At vi ikkje gir innbyggjarane god nok service